



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-F30	22/290

BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmading frå IMDi, busette 40 flyktningar i 2023. Ved auka behov kan kommunen busette ytterlegare 10 flyktningar i 2023.

Saksopplysningar:

Kort om saka

Vaksdal kommune har fått oppmading frå IMDi om å busette 40 flyktningar i 2023. I saken er det vurdert kva som må til for å oppretthalde høg kapasitet for busetting i kommunen i forhold til introduksjonsprogram, språktildelning, tilgang på boligar, kapasitet i skule og barnehage og økonomi.

Bakgrunn for saka

IMDi har i brev, datert 25.11.2023, oppmoda Vaksdal kommunen om å busette 40 flyktningar i 2023.

IMDi skriv følgjande om bakgrunn for busettingstala:

«Dei store innkomstane av flyktningar frå Ukraina sidan mars gjer 2022 til eit ekstraordinært år. Som følgje av situasjonen i Ukraina ba IMDi alle kommunar om å ta imot til saman 35 000 flyktningar i 2022. Samtlege kommunar har vist ein positiv busettingsvilje og har til saman vedteke å busette i tråd med oppmadinga.

2022 har vorte eit rekordår. Det har aldri før kome så mange flyktningar til Noreg, og behovet for busetting har aldri vore større. I tillegg har busettinga vore raskare i år enn på lang tid. Vaksdal kommune har gjort ein svært viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar og funne gode løysingar i ei krevjande tid.

Situasjonen knytt til behovet for busetting er prega av stor uvisse. Det er uklart kor lenge krigen i Ukraina vil vere og kor mange som vil kome til Noreg, på kort og på lengre sikt. Samstundes er det venta at innkomstane vil vere store også i tida framover. Noreg skal også busette flyktningar frå andre konfliktområder i verda. Difor er det samla behovet for busetting venta å vere særskilt høgt også i 2023. På bakgrunn av dette oppmodar IMDi kommunane om å busette til saman 35 000 flyktningar i 2023.

I året som kjem vil kommunane nok ein gong spele ei nøkkelrolle i korleis Noreg handterer den største masseflyktsituasjonen i vår tid. Talet som kommunane vedtek og gjer tilgjengeleg for busetting, vil framleis ha ei avgjerande betydning for vår samla evne til å ta hand om flyktingane som kjem til Noreg. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i tråd med oppmadinga.

Oppmoding for 2023

Prognosane viser at behovet for busetting i 2023 er berekna å vere om lag 35 000 personar. Talet er samstundes særslig usikkert. Risikoene er stor for at behovet kan endre seg raskt i begge retningar. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flyktninger kan justerast i tråd med behovet. Behovet for busetting av 35 000 gjeldar for heile året, og flyktningane vil busettast gjennom heile året.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett eit sett med justerte kriterier for 2023 som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal fordelast mellom kommunane (sjå IMDi.no). Det leggjast i år størst vekt på kapasiteten og tenestetilbodet i kommunane. Det tas utgangspunkt i fordelinga frå mars d.å. og erfaringar frå busettingsarbeidet i 2022.

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga av oppmodningstalet til kommunane. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

Med bakgrunn i dette oppmodar IMDi derfor Vaksdal kommune om å busette til saman 40 flyktningar i 2023.»

IMDi ber òg om ei vurdering av kor mange fleire flyktningar (kor av einslege mindreårige) kommunen potensielt kan busette i 2023 viss behovet aukar, og kva som må til for å oppretthalde høg kapasitet for busetting i kommunen. Vedtaket kan ikkje inkludera familiegjenforeining eller innehalde andre reservasjonar.

Vurdering og konsekvensar

Vaksdal kommunen har busett flyktningar sidan 2009, 40 flyktningar i perioden 2009 – 2011, 18 flyktningar i perioden 2012-2014 og om lag 100 i perioden 2015 -2021. I 2022 er det busett nær 50 flyktningar, av dette flest frå Ukraina.

Kommunen sitt tenesteapparat som flyktningetenesta, helsetenesta, Nav, barnehage, skule og eigedomstenesta har over tid bygd opp kompetanse og bidreg alle til ei god busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningane.

I høve endringar i introduksjonsprogram for personar med kollektiv beskyttelse og for å oppretthalda høg kapasitet for busetting er det trøng for å gjera tilpassingar i drifta for 2023.

Introduksjonsprogrammet og norskopplæring

Det er vedtatt mellombels endringar i integreringslova som gjeld for personar med kollektiv beskyttelse. Dei mellombels endringane var gjeldande frå 15. juni 2022, og gjeld førebels fram til 1. juli 2023. Denne endringa regulera blant anna innhaldet i introduksjonsprogrammet. Flyktningar frå Ukraina har status som personar med kollektiv beskyttelse. Introduksjonsprogrammet for personar med kollektiv beskyttelse skal minst vera sett saman av arbeids- og utdanningsretta innhald og eit språktild.

For å kunne ivareta føringane i introduksjonsprogrammet, inkludert språktild, med auka tal deltakarar på ein god måte, vurdera flyktningetenesta at ein bør gje tilbod om språkopplæring i eigen kommune. Eit lokalt tilbod om språkopplæring vil gje deltakarane fleire fordelar, blant anna:

- lettare å verta inkludert i lokalmiljøet
- tettare og nærmere tilgang til andre tenester som flyktningetenesta, lege, NAV, helsestasjon m.m

Flyktningetenesta vil òg ha høve til å busette i andre bygder enn dei som har direkte kollektivtransport til Voss om språktildet vert lagt til eigen kommune.

Det vert arbeida med å finna eigna lokale til norskopplæringa i bygg som kommunen eig sjølv. Straum, reinhald og eventuelle investeringar som er nausdynt vil verta dekka av tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag.

Det vil vera behov for å styrke bemanninga i flyktingtenesta for å kunne oppretthalde høg kapasitet for busetting, både til språktildeling og til mottak/busetting.

Flyktingar som treng anna opplæring, t.d. grunnskule for vaksne, vil framleis få tilbodet sitt på Voss.

Bolig

Det er begrensa tilgang på kommunale husvære, men kommunen har eit godt samarbeid med private huseigarar og fleire private huseigarar melder inn ledige leiligheter/hus. Dei fleste vert i dag busett i private husvære som kommunen leiger. Det gjev meir spreidd busetjing og bidreg til god integrering. Nokon einslege flyktingar bur i bufelleskap med andre.

Gjennom ordninga om framleige og bufelleskap sikrar vi at bukostnadane vert akseptable for flyktingane slik at dei kan klare seg på eigne inntekter som introduksjonsstønad og ev. deltidjobb.

Barnhage og skule

Stanghelle barnehage har bygningsmessig kapasitet til å ta imot fleire born. Ved auke i tal born vil det likevel vera naudsnyt å auke pedagogbemanninga med om lag ein tilsett. Stamnes oppveksttun har òg kapasitet til å ta imot fleire barn i barnehagealder.

Erfaringar tilseier at Dale skule får flest elevar som treng særskilt norskopplæring. For å styrke norskopplæringa for elevar som skal starte i grunnskulen vil Dale skule legge til rette for ein innføringsklasse, ofte kalla velkomstklassen. Det er ulike måtar å organisera velkomstklassar på. Dale skule vil legge til rette for eit delvis integrert tilbod der elevane får særskilt norskopplæringa i eigen klasse og resten av tida i ordinær klasse. Minoritetsspråklege elevar kan gå i velkomstklasse inntil eitt år, med høve til inntil to år ved særskilte behov.

Økonomi

IMDi har stønadsordningar som legg til rette for at kommunane skal kunne auke kapasitet i tråd med behov. Det har tidlegare år ikkje vore naudsnyt med tilleggsløyvingar frå kommunen, tilskotet har vore tilstrekkeleg.

Integreringstilskot utgjer saman med tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag i stor grad det økonomiske grunnlaget for busetjing- og integreringsarbeid i kommunane. Andre tilskot vert gitt til særlege satsingar, t.d mindreårige flyktingar. Integreringstilskotet vert tildelt over ein periode på 5 år. Overskot i enkeltår vert sett av til fond for å dekkje kostnadane seinare år, jf. kommunestyrevedtak.

Krigen i Ukraina har ført til auka behov for busetting av flyktingar. Vaksdal kommune har kapasitet og kompetanse til å ta imot tal flyktingar som kommunen vert oppmoda om.